

Innkalling og referat – SU-møte ved Klepp ungdomsskule

Dato og tid for møte:

Rom: Møterom Varden

Møtte:

Representant			Vararepresentant	
Ella Samnøy	Elev	X		
Brage Borsheim	Elev	X		
Maria F. B. Sikkeland	Forelder	X		
Pål Pollestad	Forelder	X		
Caroline Erevik	Andre tilsette	X		
Line Melstveit	Lærer	X		
Hanna Rovik Boiten	Lærer	X		
Gro Irene Hetland	Politikar	X		
Sigurd Ravndal	Rektor	X		

Fråvere: Gro Irene og Caroline

25/26-1	<i>Informasjon og kontinuering av SU.</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: - Presentasjon av deltakarane - Kort info frå rektor - Konstituering: - o Forslag til vedtak er Hanna som leiar, Caroline som nestleiar. Rektor er uansett referent.	
Kva blei bestemt: - Forslaget til konstituering blei valgt med akklamasjon (klappa inn) - Leiar Hanna Rovik Boiten og nestleiar Caroline Erevik.	

25/26-2	<i>Kort om skulen.</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: - Rektor gjekk gjennom utviklingsområda til skulen. Du finn den på heimesida. - Oracy, CL, engasjerte elevar, Lesson Study, karakterdempa skule med fokus på undervegsvurdering, RESPEKT (gode relasjonar på alle nivå). Lange satsingar fram mot 2028.	

- Elevundersøkinga kom sist veke. Den arbeider me med. Jærbladet. Tek opp dette i FAU og i SU eller SMU (Skulen sitt miljøutval) - Skulen er bekymra for at me manglar helsesjukepleiar. Skulen har fått beskjed om at denne ikkje blir erstatta dette skuleåret, og det meiner skulen berre ikkje er godt nok. Lova seier at det skal vera eit forsvarleg tilbod på alle skular, dermed er dette brot på norsk lov. - Skulen har vore med på eit prosjekt rundt tidleg innsats, der skulen har fått midlar til å satse på eit sterkt miljøteam. Her er det gode miljøveiledere i spissen for å støtta opp læringa for den enkelte elev og støtte klasser og lærarane. Me meiner dette er veldig bra. Prosjektet sluttar nå til sommaren 2026. Me håper politikarane vil styrka økonomien til skulane slik at dei kan fortsetja å ha slike miljøteam og styrka laget rundt elevane.
Kva blei bestemt: - SU er bekymra for situasjonen rundt helsesjukepleiar. SU ønskjer at politikar tek dette med seg inn i sitt vidare arbeid i kommunen. - SU ønskjer at politikar arbeider for å styrka økonomien inn mot skule, slik at skulane har rom for miljøteam (eller liknande) og styrka laget rundt elevane.
Kven tek ansvar: Gro Irene Hetland er oppfordra til å ta desse to punkta inn i sine organ og der ho kan påverke.

25/26-3	<i>Elevrådsarbeid</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: - Elevrådsleiar fortalte om arbeidet dei gjer. - o Temaveke, BUK med tema inkludering, skuleball i februar. - o Leiar fortalte korleis elevrådet arbeider med sakar som kjem inn anonymt via postkasse, og med sakar som blir melde inn av elevar og klasser. - o Ho viste bilete frå temaveka. - o Elevrådet har laga ein flott inkluderingsplakat som skal lanserast på julesamlinga fredag. Inkludering vil bli arbeida med i klassane utover våren.	
Kven tek ansvar: Elevrådet har kontroll	

25/26-4	<i>Høyring om Klepp ungdomsskule skal vera praksisskule.</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: - Rektor innleiar. - <i>Innstilling frå skuleleiinga er at skulen skal fortsetja å vera ein praksisskule.</i>	
Kva blei bestemt: - SU er veldig positive til at Klepp ungdomsskule får til ny avtale som praksisskule. Einstemming vedtak.	
Kven tek ansvar: Rektor sender inn søknad.	

25/26-5	<i>Høyring om skuleruta 2026-27 og 2027-28.</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: - Rektor innleiar. - Det kom inn nokre kommentarar i diskusjonen: - o Kunne vera ok å unngå oppstart på ein måndag - o Elev meinte og at det var lite vits i to dagar før helga – det blei fort litt vas. - o Alt i alt var det lite sterke meiningar mot gjeldande forslag. - o Lærarane fortalte at klubben på skulen gjekk inn for gjeldande forslag, dette støtta fleirtalet i SU seg opp mot.	
Kva blei bestemt: - SU går inn for forslaget til skulerute 2026-27 og 2027-28 slik det føreligger i høyringa. Ingen endringar.	
Kven tek ansvar: Rektor sender inn høyringa.	

Neste møte	På våren, dato ikkje bestemt.
Oppsummering	<i>Sakar som skal følgjast opp neste møte:</i>
	Godkjenning av referat og eventuel oppfølging av sakar der.
	Elevundersøkinga - skulemiljø.